

RUBBING OG BJØLLING

Åse Eikemo Strømme

Det er mange skikkar og tradisjonar som fram gjennom tidene har knytt seg til friing og brudlauf. Ein av desse meir "laussløppne" skikkane er bjølling og rubbing, eller strøing, som vert sagt i enkelte bygdelag.

Når eit forhold mellom eit kjærestepar var kome så pass langt, at dei overnatta hjå kvarandre, var det på tide for ungdomane i bygda å stella i stand rubbing mellom desse to. Dette måtte skje på det mørkaste tidspunktet om kvelden eller natta, for det skulle helst føregå i løynda, så langt. Då samlast ungdomane seg til arbeid. Sag-rubbet vart henta, på ymse måtar, og strødd i ei stripe mellom heimane til kjæresteparet. No skulle forholdet offentleggjerast for alle. Dei sprang gjerne også rundt huset, der kjæresteparet heldt til, med bjølling og hauking. Dette kunne variera. Når morgonen kom, og rubbstripa kom til syne, vart det prat i bygda om kvar den kom eller for til. " No er det rubba for dei ".

Av dette kunne det verta tema til ei vise for ein god rimesmed, slik det gå fram av visa nedanfor:

Det er ein gard her som me kallar Vik,
Der er ofte folkehyl og revaskrik.
Og i vegen forbi Vik
der er det ofte stor trafikk,
der er liksom vorte til ein bygdaskikk.

Og på garden Vik der bur ein mann.
Tvo – tri gjentor det har nok han.
Men den eldste av dei tri
ho er nok perlehøna der,
so det er kje rart ho seg ei visa fær.

På ein annan gard der er det slik,
eldste sonen går ein tur i Vik.
Her ei natti var han der
hjá denne gjenta han har kjær.
Um morgen då han går der rubb i vegen er.

Det er sagt at kjærleik det gjer blind,
difor gjennom glaset for han som ein vind.
For han fekk visst kyss og klapp
då han i arkasengi låg,
so det var kje rart han ikkje døri såg.

Då far til gjenta han kom ut
So vart han olm og sinna som den verste stur.
Det hev pikedeg vå tusking
rundt om husi her i natt.
Å, tvi, eg trur her lukta gamal røysekatt.

Då han titta ut, O sæle skrekk.
Uppå smietaket hang ein rubbesekk.
Men i Haldorstunet stod
der tvo ungarar og lo.
Dei ha pikedeg vå sjefa desse to.

Då dei rubba lei det langt på kveld.
Difor var det slutt midt i ein halvtunnell.
Men der folki innfrå garden heve
samvittigheit som sot.
Og dei sa at dei som rubba vanta mot.

Men med motet var det vistnok bra,
Men av rubbet dei måtte mykje meire ha.
Men med rubbet var det slik,
dei hadde ikkje meir i Vik,
å so kunne det snart verta bygdaskikk.

So til slutt ei takk til alle som hjelpte til
at rubbet ut i vegen kom.
No er det med visa slutt.
De tykte gjerne ho var stutt,
Men den mannen som ho skriv er sur og mutt.
Slutt.

Visa er i Bjørg Dæmring Berge si eige.